



Arkivsak

26/05391-1

Sakshandsamar

Inger Elisabeth Borge

Saksgang

Telemark ungdomsråd

Fylkeskommunalt eldreråd

Fylkeskommunalt råd for personer med
funksjonsnedsettelse

Hovedutvalg for samferdsel

Hovedutvalg for næring, industri og
klima

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Hovedutvalg for kultur, reiseliv og

frivillighet

Fylkesutvalg

Fylkestinget

Møtedato

14.04.2026

14.04.2026

16.04.2026

21.04.2026

22.04.2026

22.04.2026

23.04.2026

29.04.2026

06.05.2026

Rapportering Handlingsprogram Folkehelse 2025

Innstilling frå fylkesdirektøren

Saka blir teken til orientering.

Bakgrunn og saksgang

Operasjonalisering av ein regional plan skal skje gjennom eit handlingsprogram. *Regional plan for folkehelse i Telemark (2018-2030)* vart etter fylkesdelinga vidareført i nye Telemark.

Denne saka gjeld rapportering på tiltak og aktivitetar i *Handlingsprogram folkehelse 2025-26* for året 2025.

Saka blir lagd fram for medverknadsråda og alle hovudutval. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer vedtak i saka.

Saksopplysningar

For å lykkast med folkehelsearbeidet må det vere kunnskapsbasert, langsiktig og systematisk. Kunnskapsgrunnlaget *Folkehelsa i Telemark 2024* gir oversikt over helsetilstanden og påverknadsfaktorar i regionen, og er oversiktsdokumentet frå fylkeskommunen etter folkehelselova. Oversiktsdokumentet peikar på sosial ulikskap i helse som den største folkehelseutfordringa i fylket.

Sosial ulikskap i helse, eller sosiale helseforskjellar, handlar om korleis helsetilstanden systematisk varierer etter sosioøkonomisk bakgrunn (inntekt og utdanning). Sosiale helseforskjellar heng saman med fysisk og psykisk sjukdom gjennom heile livsløpet, skadar og

ulykker, utanforskap med meir, og gir ulike moglegheiter og livssjansar. Sosial ulikskap i helse er resultat av eit komplekst samspel mellom ulike faktorar, der ei rekkje av risikofaktorane ligg i oppvekst- og levekårsforholda. Sosial ulikskap i helse går ofte i arv gjennom generasjonar og medfører store negative konsekvensar både for dei som blir ramma og for samfunnet som både går glipp av verdifulle menneskelege ressursar og må dekkje utgiftene til fellesskapen innan helse, sosial og eventuelt justis. Dette utfordrar den sosiale berekrafta i samfunnet. Den prioriterte folkehelseinnsatsen har også i 2025 har vore retta mot denne hovudutfordringa.

Kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid og tiltak retta mot alle livsfasar er definerte som satsingsområda til handlingsprogrammet. Nedanfor ser ein ei oversikt over berekraftsmål, regionale mål, hovudmåla i regional plan for folkehelse og dei fire satsingsområda til handlingsprogrammet:



Handlingsprogrammet består av 9 tiltak som har mobilisert til samarbeid på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Nokre av tiltaka er større program og andre rommar prosjekt som er under utvikling. Felles for alle er at tiltaka samlar ei rekkje aktørar for felles og koordinert innsats.

Dette er dei 9 tiltaka:

1. Oversikt over helsetilstanden og støtte opp under kommunanes systematiske folkehelsearbeid
2. Nettverksarbeid og samskaping
3. Helsefremjande opplæring
4. Program for folkehelsearbeid i kommunane
5. Liv og røre
6. Kosthaldet gjennom opplæringsløpet
7. helsefremjande og førebyggjande tannhelseteneste
8. Helsefremjande nærmiljø og lokal sosial berekraft
9. Forsterka innsats og samarbeid om inkludering

Vedlegget *Rapportering på handlingsprogram for folkehelse 2025* er ein gjennomgang av innsats og gir ein status for arbeidet i 2025.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Tiltaka i handlingsprogram for folkehelse i Telemark 2025 vart gjennomførte innanfor vedtekne budsjetttrammer i fylkeskommunen og med tilskot gitt gjennom program og prosjekt. Handlingsprogrammet høyrer til regionale planar, som følgjer føresegner som gjeld regional planlegging etter plan- og bygningsloven. Folkehelselova har føresegner om systematikk, samordning av det regionale folkehelsearbeidet og understøtting av folkehelseinnsatsen i kommunane.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Berekraftsmåla ligg til grunn for alt planarbeid i Telemark fylkeskommune. I *Handlingsprogram folkehelse 2025-26* blir påverka følgjande berekraftsmål av folkehelsearbeidet: (3) God helse og livskvalitet, (4) God utdanning, (10) Mindre ulikskap, (11) Berekraftige byar og lokalsamfunn, (12) Ansvarleg forbruk og produksjon og (17) Samarbeid for å nå måla.

Vurderinga frå fylkesdirektøren

Rapporteringa på handlingsprogrammet viser folkehelsearbeidet i Telemark i 2025. Innsatsen viser den samordnande rolla frå fylkeskommunen på fleire viktige område i det regionale folkehelsearbeidet. Beskrivinga av aktivitetane i dei 9 tiltaka viser at ressursane blir brukte effektivt og målretta. Fylkesdirektøren er oppteken av å løyse oppgåver saman med kommunane og andre samarbeidspartnarar, gjennom partnerskap, nettverk og samhandling. Det regionale folkehelsearbeidet er kjenneteikna av samarbeid og samskaping på tvers av fagområde, sektorar og forvaltningsnivå. Dette er avgjerande for å nå måla og bidra til å redusere sosial ulikskap i helse som den største folkehelseutfordringa i fylket. Fylkesdirektøren tilrår at saka blir teken til orientering.

Vedlegg: Vedlegg Rapportering på handlingsprogram for folkehelse 2025

